

INFORMASJON

# KYRKJEBAKKEN

INFORMASJONSBLAD FOR AUSTRHEIM SOKN

*Nr. 02-2016 Torsdag 25. februar 45. årgang*

*Neste nr. av KB kjem ut 17. mars 2016*

*Nytt stoff innan: 01. mars 2016*



# Kyrkjeskyss

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste? Då kan du ringe kyrkjekontoret tlf 56 16 72 90 (før fredag kl.14), Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35 eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90.

## Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim

Tlf. 56 16 72 90

E-post: kyrkjekontoret@austrheim.sokn.no

www.austrheimkyrkja.no

### Kontortider:

Sokneprest: Trefftid etter avtale  
Kyrkjevevje: Tysdag – fredag kl. 10 – 14  
Utanom dette etter avtale

### Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad	93 44 29 19
Kyrkjevevje Bodil Monslaup	41 45 72 15
Organist og kyrkjelydspedagog	
Jostein Hauge	40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland	41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn	41 66 26 10

## Kyrkjebakken

Meldingsblad for Austrheim sokn.

Utgjevar: Austrheim sokneråd  
Redaktør: Svein T Villanger,  
Redaksjon: Eli E Daae, Øystein Soldal,  
Jorunn Kårdal,  
Bankgiro: 3490.07.04196  
E-post: kyrkjeba@online.no  
Adresse: 5943 Austrheim

Trykk: NetPrint A/S

## GUDSTENESTER I AUSTRHEIM SOKN

### Søndag 28. febr. kl. 11.00

Gudsteneste  
Per Børge Hillestad  
Dåp  
Born frå Lys Vaken deltek  
5. klassingane vert invitert for å få sin Bibel  
Takkoffer til Bibelselskapet

### Fredag 11. mars kl. 18.00

«Gudsteneste for alle»  
Kyrkjekaffi

### Søndag 13. mars kl. 11.00

Gudsteneste  
Per Børge Hillestad  
Dåp  
Austrheim songlag og deKor frå Undheim  
deltek med song  
Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet

### Søndag 20. mars kl. 19.30

Påska i ord og tonar  
Kollekt til dekking av utgiftene

### Skjærtorsdag 24. mars kl. 19.00

Kveldsgudsteneste  
Per Børge Hillestad  
Takkoffer til Raknestunet

### 1. påskedag 27. mars kl. 11.00

Høgtidsgudsteneste  
Per Børge Hillestad  
Takkoffer til Sjømannskirken

### Søndag 17. april kl. 11.00

**Kr. himmelfartsdag 5.mai på Rongevær  
kurs og fritidsenter**

**17. mai kl. 10 i kyrkja og kl. 11.30 på Kaland skule**

## BESTEVENNENE SVIKTET

Jesus tok først med seg bestevennene Peter, Jakob og Johannes opp på et høyt fjell. Der fikk de se Jesus i herlighet – skinnende; på toppen av sin karriere. Nå er de med Jesus i hans dypeste nød der han viser dem den andre siden av sitt liv – lidelsen som han skal kjempe seg gjennom for å redde verden gjennom kjærligheten fra Gud. Den kjærligheten er større enn den vi kan vise hverandre.

Jesus orker ikke tanken på det som venter – og blir grepet av sorg og gru. Foran døden er også Jesus på bristepunktet. Dette makter han ikke alene. Da gjør han slik han har lært sine venner. Han vender seg til sin himmelske Far – han ber om å få slippe, samtidig som han gir seg over i Gud sin fars vilje. Det er sterkt og tungt å gi fra seg sin egen vilje.

Jesus opplever så det som mange andre har opplevd – at i siste stund svikter alle, også de beste vennene, også de som har vært med på livets toppturer – når det kommer til den siste kampen orker de ikke være med. Jesus sine beste venner sovner. De orker ikke holde øynene åpne. De ble ikke bedt om å gjøre noe vanskelig – bare holde seg våkne; bare være der sammen med Jesus. Men de maktet det ikke. Be, sier han, be om ikke å komme i fristelse. Be om å få krefter til å holde ut, for ingen bestevenn tenker at han eller hun ikke vil holde ut. Men det er ofte det som skjer, til slutt orker vi ikke mer.

Men Jesus er klar til å gå lidelsens vei – som liten ble han en flyktning, som voksen ble han først fristet, så sviktet av sine beste venner – han ser hva som kommer. Nå skal de snart fornekte han, se på at han blir korsfestet og må lide en langsom død. Han er villig til det. Jesus svikter ikke. Jesus går i døden for sine venner. Jesus lider og dør for at hans venner skal gå fri. Ikke fra døden her i livet, men fra den evige død. Slik vinner kjærligheten. Den seirer over døden.

Jesus vet hvordan det er å være menneske. Han er testet i alle ting. Han har lært oss å legge alt i Gud vår fars hender. Han har lært oss å be – la din vilje skje. Og han har lovet å alltid være med!  
Den vanskeligste bønnen å be med ærlig sinn, er bønnen: La din vilje skje! For egenviljen blander sitt eget ønske inn, og overfor Guds tanker er viljen ofte blind. Men, Herre, gi meg motet til å be: La din vilje skje!

Per Børge





## Kyrkjebøkene i Austrheim

### Døpte:

31.01.16

Carmen Soltveit Lerøy  
Matheo Einevoll Brekke

### Gravlagde:

22.01.16

Aslaug Vestrheim f. 1933

11.02.16

Eliin Meyer Sognnes f. 1953

16.02.16

Odd Reidar Leikvoll f. 1944



### Utgjevingsplan Kyrkjebakken første halvår 2016

	Leveringsfrist	KB kjem ut
Nr. 03/16	01. mars	17. mars (Påske stoff)
Nr. 04/16	26. april	12. mai (17.mai stoff)
Nr. 05/16	07. juni	23. juni (siste før ferien)



# Takk

## Hjertelig takk

til alle som fulgte min kjære kone, vår kjære mor, bestemor og oldemor Aslaug Vestrheim til graven.

En stor takk til Nordliheimen v/Nordlia for god pleie og omsorg. Takk for pengegåva til Nordlia.

En stor takk til Vatne begravelsesbyrå for god hjelp. Takk og til prest Per Børge Hillestad for en vakker og verdig avslutningsseremoni.

Hilsen

Ottar, Venche og Annveig m/familie

## Hjarteleg takk

Hjarteleg takk til diakonemda for den flotte rosa og helsinga som eg fekk til min 80 års dag.

Beste helsing Idar Kaland

## TAKK

Stor takk til alle dykk som i førjulstida og jula 2015, og elles i året gledde oss med vitjingar, underhaldning, blomehelsingar og gåver. Vi set stor pris på slik omsorg og omtanke.

Spesiell takk til :

- Per Børge Hillestad og Jostein Hauge som kjem anna kvar tysdag og held andakt/syng for oss.
- Sanitetsforeninga og Diakoninemda som arrangerer ulike tilstelningar for bebuarane.
- «Landbruksdagen» som tek godt imot oss, og spesielt takk for brannteppene me har fått.
- Jan Foss og Asbjørg Steine for musikk og song.
- Rolf Eriksen med fleire som kjem jevnleg og har andakt og sang.
- Alle frivillige som stiller opp gjennom heile året.

Helsing bebuarar og tilsette ved Nordliheimen

## Er du 50-års konfirmant ?

Vart du konfirmert i Austrheim i juni 1966, så er du 50 -årskonfirmant i år. Dette vert markert 18. sept. med gudsteneste og festsamvær på Samfunnshuset.

Du vil få invitasjon seinare, men set av dagen alt no. Kjenner du nokon som ikkje bur i Austrheim så gje dei beskjed om datoen.

-Soknerådet-



## **ÅRSMØTE OG JUBILEUMSMARKERING**

*Austrheim kyst- og sogelag  
har årsmøte fredag 11.mars 2015  
kl 19.00 på Kjelstraumen vertshus*

*Vanlege årsmøtesaker*

*Kl. 20.00*

**Austrheim kyst- og sogelag markerer at laget var 30 år i 2015**  
Karstein Stene kåserer og viser bilete ut frå temaet:  
*«Titt eg minnest ein gamal gard..»*

Middag

***Vel møtt til gamle og nye medlemmar***

Jubileumsmiddagen koster kr. 280,- for medlemmar og kr. 430,- for andre.

Påmelding til:  
Åshild Helene Hedstrøm, tlf 932 53 736 eller [aashild.helene@gmail.com](mailto:aashild.helene@gmail.com)  
eller Einar Ellingsen, tlf 951 78 340 eller [ei-ell@online.no](mailto:ei-ell@online.no)  
innen 1. mars

Helsing Styret

## Årås Bedehus

Søndag 06. mars	Formiddagsmøte kl 11:00 Jorunn Marie Haugstad frå NLM talar.
Torsdag 10. mars	Basar. Sjå eiga annonsering. Kl 17:30
Tirsdag 15. mars	Årsmøte for Austrheim Indremisjon Kl 19:00
Søndag 20. mars.	Formiddagsmøte kl 11:00. Olav Andre Soltveit talar.

Meir info finn du på: [www.austrheimindremisjon.no](http://www.austrheimindremisjon.no)  
Alle er velkomne til samlingane.

### KONFIRMANT FRÅ 2017 OG SEINARE ??..... LES DETTE:

Konfirmasjonsdagen i Austrheim er flytta frå og med 2017, då vert det konfirmasjon i  
**Austrheim siste søndagen i mai.**  
T.o.m. 2016 er det konfirmasjonsdag siste søndag i august.

Før august-konfirmasjonen var det 1. søndag i mai, då var det alltid kollisjonar med Lindås sine dagar.  
Fram til 1964 var det konfirmasjon i september., så var det eit par år i juni.  
Reknar med at ikkje alle syns om endringane, men slik vert det alltid.

**Fedje har sin konfirmasjonsdag frå 2017 vert siste lørdag i mai.**

-soknerådet-

**DU er velkomen til  
BASAR  
på Årås bedehus  
Torsdag 10. mars kl 17:30**

- Vi syng ilag med Miniving
- Amerikansk auksjon
- Årsal
- Barnelotteri
- Andakt v/Vegard Berland
- Kaffi og kaker



Om du har ein gevinst kan den leverast på bedehuset dagen før kl 20:00-21:30.  
Takk for støtta!  
Inntekta går til Nordhordland Indremisjon, som m.a. driv Raknestunet leirstad.



BOKA FÅR DU KJØPT  
PÅ SERVICESENTERET HOS KOMMUNEN  
OG HOS SPAREBANKEN VEST  
HELSING AUSTRHEIM KYST- OG SOGELAG

## LOPPEMARKED

LØRDAG 11. JUNI BLIR DET  
LOPPEMARKED PÅ  
SAMFUNNSHUSET.

**OBS: IKKE KLÆR**

Eierlagene av Samfunnshuset.



## Inspirasjonssamling – medarbeidarfest

**Set av torsdag 14. april på kveldstid.**

Då vert det Inspirasjonssamling på Kyrkjelydshuset.

Då møtest vi for å få inspirasjon til arbeid i kyrkja.

God mat. Litt underhaldning. Song.

Prost Geir Sørebo vert med som inspirator.

Årsmeldinga til Soknerådet vert lagd fram.

Håpar vi fyller salen i år også.

Meir i neste KB

-Soknerådet-



## NYE TAKSTER FOR FESTEAVGIFTER I AUSTRHEIM KOMMUNE

Friperiode	25 år
1. og 2. festeperiode	kr. 200,- pr. år – innkravd i 10 års bolkar (frå 26 – 45 år)
3. og 4. festeperiode	kr. 400,- pr. år – innkravd i 10 års bolkar (frå 46 – 65 år)
5. festeperiode	kr. 500,- pr. år – innkravd for 10 år (frå 66 – 75 år)

Etter gravstaden er 75 år frå siste gravlegging kan den etter særskilt søknad fornyast i 5 års bolk – kr. 750,- pr. år.

For barnegrav i barnefelt er det halv avgift.

Avgift for feste av dobbelgrav – kr. 2.000 for 10 år - kan fornyast  
Ved feste av meir enn ei grav skal det betalast for begge gravene.

Gjeldande frå 1/1-2016

Godkjend i Kommunestyret 23/12-2015

Dei tidlegare takstane for festeavgift har vore dei same frå 2005.



## **NYE VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I AUSTRHEIM FRÅ 1/1-16**

Alle § i Gravplassvedtektene ligg på heimesida: [www.austrheimkyrkja.no](http://www.austrheimkyrkja.no)  
Ynskjer nokon vedtektene tilsendt så ta kontakt med Kyrkjekontoret.  
Pårørande ved dødsfall får dei tilsendt i samband med gravferda.

### **UTDRAG AV VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I AUSTRHEIM**

#### **§2 Fredingstid og festetid**

Fredingstida for kistegrav er 25 år.

Fredingstid for urnegrav er 25 år.

Når fredingstida er over kan gravstaden festast på nytt i periodar på 10 år, det må då betalast fastsett festeavgift. Som kvittering skal det skrivast ut festebrev.

Total festetid 50 år, tid for fredingstid og festetid vert då 75 år.

Etter 75 år frå siste gravlegging kan det søkjast skriftleg om forlenging.

Barnegrav i barnefelt kan behaldast så lenge det er gjenlevande søsken, det må betalast fastsett festeavgift og det må søkjast med grunngjeven søknad når grava er 75 år.

Festetida er i 5 årsbolkar etter at gravstaden er 75 år.

Festeavgifta for barnegrav i barnefelt er halvparten av vaksen grav.

#### **§3 Feste av grav (dobbelgrav)**

Når kistegrav vert teken i bruk kan det festast ei grav ved sida av. Når behovet tilseier det kan det etter søknad til gravferdsforvaltninga i heilt spesielle høve festast endå ei grav i tillegg, (altså totalt 3 graver).

Feste av ekstra (dobbel) grav må avtalast før gravferda. Det skal betalast avgift for å feste ekstra grav. Desse gravene utgjer då ein gravstad, og det kan kun stå eit gravminne på gravstaden.

Ved bruk av urnegrav kan det ikkje festast grav ved sidan av, men det er høve til fleire urner i same grav.

I festetida kan festaren eller den han gjev samtykke til gravleggast i festegrava.

I god tid før festetida er ute skal festaren varslast. Dersom festet ikkje er fornya innan 6 mnd. etter varsling fell grava tilbake til gravplassen.

Festaren pliktar å melda adresseforandring.

#### **§4 Grav og gravminne**

Ved opning av grav kan jordmassar mellombels plasserast på omkring liggjande

Graver og gravminner kan bli flytta. Det skal tilbakeførast i same stand som før.

Gravplasstilsette vil syte for at grava vert planert og tilsådd ei tid etter gravlegginga.

Om blomar og kransar ikkje vert fjerna av pårørande gjer gravplasstilsette det etter ei tid.

Montering av gravminne kan tidlegast skje 4 mnd. etter gravlegging av kiste, umiddelbart ved

urnegrav. Men gravminne må likevel ikkje setjast opp i tida 1. nov. – 31. mars eller når det er tele i jorda.

Gravminnet vert plassert i bakkant av grava. Er det festa dobbelgrav vert gravminnet sentrert mellom gravene ved neste gravlegging.

Oppsetjing av gravminne skal utførast av tilsette på gravplassen, men andre kan få godkjenning til å gjera dette arbeidet (sjå §10).

## §5 Symbolsk namneflytting

Etter skriftleg søknad til gravplassforvaltninga kan ein få løyve til å føre over namn frå festa gravstader til anna festa/nytt eksisterande gravminne. Dei gravene namna vert henta frå vert då sletta.

Gravplassforvaltninga gjev nærare informasjon om dette.

## §6 Plantefelt og plantemateriale

Forutan gravminne er det høve til å opparbeide plantefelt i høgd med bakken fram om gravminnet.

Plantefeltet må ikkje vere breiare enn gravminnet si breidde og ikkje gå lengre fram enn 60 cm frå gravminnet sin bakre kant.

Det er høve til å leggje ned kantstein/planteplate, plata må ikkje vere samanhengande med sokkelen.

Det er ikkje tillate med små dekorstein i plantefeltet, desse vert fjerna.

Lause gravlykter skal fjernast i slåttesesongen, vasar og lykter må ikkje plasserast bak gravminnet eller utanfor plantefelt.

Plantar, kransar og liknande materiale som vert nytta ved gravferd eller pynting av grav, og som ender som avfall skal vera komposterbart..



## FASTEAKSJON 2016

Tysdag 15. mars kjem det konfirmantar og andre på innsamling til den årlege

Fasteaksjonen for Kirkens Nødhjelp.

Ta vel imot dei.

I år går midlane til  **KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance

## I kriser er vann kritisk

En varslet tørkekatastrofe rammer nå over ti millioner etiopiere, mer enn halvparten av dem er barn.

### Redde liv

En katastrofe rammer alltid de fattigste hardest. For lite vann og forurenset vann tar ofte flest liv. Derfor er Kirkens Nødhjelp først på plass med rent vann. Sammen redder vi liv og beskytter de mest sårbare.

### Forandre liv

Å være fattig er å mangle muligheter. Der utfordringene er, finnes også de beste løsningene. Varig tilgang på rent vann er én av dem. Sammen hjelper vi mennesker å finne sin egen vei ut av fattigdom.

### Forandre verden

Fattigdom er urettferdighet. Det er nok rent vann og mat til alle, men spillereglene gjør de rikeste rikere og de fattigste fattigere. Sammen kan vi gi de stemmeløse en stemme der beslutningene tas.





## Regnet som aldri kom

«Vår eksistens avhenger av dyrene våre. Dør de, blir det vanskelig for oss å overleve», sier Dagne. Han har mistet 35 av kyrene sine og står igjen med bare to. Nå er regnet det eneste håpet han har for å holde de resterende dyrene hans i live.

«Jeg har mistet begge oksene mine», sier han. «Jeg vet ikke hva jeg skal gjøre».

## Tørkekatastrofe i Etiopia

I Etiopias lavland håper tusenvis av bønder på regn, mens de frykter det verste. Ankober-regionen er blant de 146 hardest rammede. Manglede regn har frarøvet bønder deres avlinger og levebrød.

Etiopiske myndigheter anslår at hele 10.2 millioner mennesker vil stå overfor kritisk mangel på mat i 2016, og mer enn halvparten er barn. Tørken som rammer Etiopia er en følge av El Niño, et værphenomen som oppstår på grunn av oppvarmingen av Stillehavet.

Til tross for tapet av årets Teff-avling, forbereder Dagne jorda hans på regnet han håper kommer. Virkningene av El Niño merkes godt blant bøndene i Ankober. For Dagne, en 66 år gammel bonde i Washa, er dette den verste tørken han har opplevd. «Jeg har vært gjennom mange vanskelige perioder i livet mitt. Mange ganger før har regnet uteblitt og vi har prøvd å overleve med de midlene vi har», sier han og tenker tilbake på sine vel 40 år som bonde. «Denne tørken er den vanskeligste jeg har opplevd på lenge», legger han til. Familien hans på ni hopper nå over måltider for å få dagene til å gå rundt. «Det regnet i litt over en måned mellom august og september», sier Dagne. «Vi forventet at det skulle regne i februar/mars og så mellom juni og september i år», forklarer han.

Det manglende regnet har etterlatt lite vann og beitemark for dyrene, som igjen fører til at bøndene mister husdyrene sine og truer levebrødet deres. Så langt i år har titusener av husdyr forsvunnet etter tørken i Etiopia, i følge lokale myndigheter. De forventer at mange fler vil dø innen nyttår.

Venter på regnet

«Vår eksistens avhenger av dyrene våre. Dør de, blir det vanskelig for oss å overleve», sier Dagne.

Han har mistet 35 av kyrene sine og står igjen med bare to. Nå er regnet det eneste håpet han har for å holde de resterende dyrene hans i live.

Dagne bruker oksene sine til å pløye jorda. Nå står neste høst i fare. Selv hvis regnet skulle komme, er Dagne bekymret for at han ikke vil være i stand til å produsere på åkeren sin igjen. «Jeg har mistet begge oksene mine», sier han. «Jeg vet ikke hva jeg skal gjøre».



Foto:Hilina Abebe / Kirkens Nødhjelp.

# Kjortelen til Jesus skal visast fram

Av Jostein Andreassen, Søgne

Kjortelen til Jesus – den som soldatane kasta lodd om ved korsfestinga, finst truleg framleis. Den er i Frankrike. Kjortelen har flekkar med blod som samsvarar med dei på Likkledet i Torino - og same blodtype. Dessutan har han fleire slag pollen felles med det og med Sudariet i Oviedo (hovudkledet som låg for seg sjølv i grava). Til og med har han pollen frå planteartar som berre finst i Israel!

Ein kan fylgje historia til kjortelen heilt tilbake til ca. år 590. I år 800 kom han truleg til Vest-Europa frå Konstantinopel med keiserinne Irene. Franskmennene kallar kjortelen for La Tunique d'Argenteuil. Han skal nå visast fram – for fyrste gong sidan 1984 – i perioden 25. mars til 10. april 2016 i Paris.

Har du lese romanen Men jeg så ham dø? Han blei utgjeven på norsk i 1947 og er blitt filma og, med Richard Burton i hovudrolla. Handlinga dreier seg om den romerske offiseren Marcellus som var med på å korsfeste Jesus. Då soldatane kasta lodd om kjortelen, var det Marcellus som vann. Ei gripande og spennande bok. Men: Det verkelege livet er faktisk endå meir spennande ..

Ein kjortel – ein type ”lang skjorte med korte erme” – vevd av ull, er lagra i St. Denis-katedralen i Paris. Tradisjonen seier at han er den same som den soldatane kasta lodd om – sjå Johannes-evangeliet, kapittel 19, vers 23. I 2000 år har han vore æra som kjortelen til Jesus. To franske vitskapsmenn ville for få år sidan undersøke denne kjortelen nærare:

Dei to var professor André Marion, ein fysikar ved det kjende optiske instituttet i Orsay og professor Gérard Lucotte, ein verdskjend genetikar ved Universitetet Paris-Sud. Dei samanlikna mønsteret av blodflekkar på kjortelen med dei som er på Likkledet i Torino.

Resultatet var overraskande: Infrarød fotografering synte at blodflekkane på kjortelen hadde nøyaktig same form som dei på Likkledet. Ved å legge dei over kvarandre, måtte vitskapsmennene trekke den konklusjonen at begge kleda var flekka til av den same blødande mannen. Merker av skinnen som var slite av, særleg på den venstre skuldra og nedetter ryggen, synte at han hadde bore noko tungt, eit ca. 20 cm breitt objekt, medan han hadde kjortelen på seg. Var dette tverrstokken til eit kors? Kunne denne mannen verkeleg ha vore Jesus frå Nasaret? Det nye testamente fortel at Jesus hadde ”sine egne klede” på seg då han bar korset til Golgata (Matteus-evangeliet, kapittel 27, vers 31.)

Her er nokre hovudpunkt av det dei to vitskapsmennene fann ut:

\*Kjortelen har ein gong vore heilt tilsøla med blod.

\*Blodtypen er AB, det same som på Likkledet i Torino (likkledet til Jesus) og Sudariet i Oviedo (hovudkledet til Jesus frå grava). Om desse to: Sjå nettstaden nedanfor).

\*Vevingstypen og fargestoffet samsvarer med skikkane i Midt-Austen.

\*Kjortelen har seks artar av plantepollen som er felles med Likkledet i Torino. Sju er felles med Sudariet i Oviedo. Dessutan har han pollen frå to artar som ein berre kan finna i Israel. Desse er også på dei to andre kleda. Ut frå dette kan vi nokså sikkert seie: På eit tidspunkt har alle dei tre kleda vore i Det heilage landet. Funna på det eine samsvarar med funna på dei to andre.

Vil du veta meir om dette, sjå på [www.torinokledet.no](http://www.torinokledet.no) Her finn du og stoff om Likkledet i Torino (likkledet til Jesus) og Sudariet i Oviedo (hodekledet til Jesus frå grava).



Vi leverer mat til alle anledninger,  
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord


Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

**Knüter**  
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | [www.knutercatering.no](http://www.knutercatering.no)

Teikning av Kjortelen i Argenteuil på ein modell.  
Han skal visast fram i Paris våren 2016, den fyrste  
gongen sidan 1984. Blodfleckane på ryggen er  
forsynte med ringar og har den same forma som på  
Likkledet i Torino. Forskarar konkluderer med at dei  
er flekka til av den same mannen.  
Blodtypen og pollenartar på begge stemmer overeins.  
På begge klede kan ein se at mannen har bære noko  
tungt over skuldra (tverrstokken til korset?)

Dei siste åra har det kome fleire bøker som fortel om  
vitskapelege undersøkinger av Kjortelen i Argenteuil.  
Alle er førebels på fransk. Her er den største og  
viktigaste (oversett): Likkledet i Torino og Kjortelen i  
Argenteuil. Hovedpunkt i ei vitskapeleg undersøking.  
Etter romanforfattarne, kva seier vitskapen?





## MASTREVIK TORG - EIN TRIVELEG STAD FOR STORE OG SMÅ

- Daglegvare/post i butikk • Apotek • Klede/gull/gåver/glas • Kafe • Elektro/kvitevarer/belysning
- Barneklede • Bokhandel/leikar • Jernvarer/fargehandel • Båt- og fiskeutstyr • Bank/minibank
- Blomar • Gardiner/utstyrsvarer • Politi • Bensinstasjon/bilverkstad • Senterkontor 476 79 583

**Til sammen har vi 3 815 års erfaring med bilservice i Norge.**

Rune Austrheim **Fosnøy Bilsenter AS**

### Velkommen til Bosch Car Service!

Verkstedet vårt rommer all den erfaringen og kunnskapen som finnes i en av verdens største uavhengige verkstedskjeder. Hos oss kan du få hjelp med alle typer reparasjoner og service for samtlige merker. Bosch har jo også utviklet over halvparten av teknikken i bilen din. Så hvem tror du er den beste til å utføre service på den?

[www.fosbilsenter.no](http://www.fosbilsenter.no)

Vi gjør alt for bilen din.



**Fosnøy Bilsenter**

Tlf: 56 16 75 50 Mastrevik



## Din rørlegger i distriktet !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!  
Når kvalitet og service teller



**SKARSVÅG**  
Rør og Interiør as



## Mini Frisørsalong



ønsker velkommen  
til gamle og nye kunder.  
Vi treffes på Årshøgda 10.  
Timebestilling: Mandag, Tirsdag,  
Torsdag og Fredag.  
Onsdag er stengt  
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16  
Alla Kurinna og Rieko

*Tannlege  
Otto Førde  
i Mongstadkrysset*

*Jeg tar imot nye pasienter  
og yter akutt hjelp.*

*Telefon vakt 56 16 98 35*



  
**Per Kenneth Bø**  
BYGGMESTER

**Panasonic**  
**varmepumper**

5937 BØVÅGEN  
Mob. 481 31 534  
byggboe@online.no

## RENSEANLEGG

Har du fått pålegg om oppgradering?  
Vi har godkjente minirenselanlegg

Kontakt:  
August Norge AS  
Avd. Vestlandet  
Tlf: 949 70 680  
Mail: svein@augustnorge.no



Ta kontakt for en uforpliktende befarings!  
www.augustnorge.no

## Gravminner

Norsk design og produksjon.  
Se utvalg på: [www.oienstein.no](http://www.oienstein.no)  
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim  
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

## Biblioteket - opningstid

### Hovudbiblioteket:

Måndag og onsdag kl. 14.00 -19.00

Tysdag og fredag kl. 10.00 -15.00

Tlf.nr. 56 16 20 07

E-post: [bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:bibliotek@austrheim.kommune.no)

### Fonnes filial:

Torsdag kl. 14.00 -19.00

Tlf.nr. 56 16 83 11

E-post:

[fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no](mailto:fonnes.bibliotek@austrheim.kommune.no)

God bok!

## SYMJEHALL

### Offentleg bading i bassenget på Kaland

Måndag	Fredag
17-19 Familie/born (foreldre med små born vert prioritert)	17-18 Alle 18-19 Alle 19-20 Alle
19-20 Pensjonistar	20-21 Alle
20-21 Vaksne	

Vaksne kr.30,- Born under 16 år kr.15,-  
Bassenget sine opningstider fylgjer skuleruta

## AnnONSE i Kyrkjebakken?

1/1 side + bakside	kr. 1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-

Korte takkeannonser er gratis.

## Legevakt/ambulanse

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

**Legevakt: 116117**

### Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00

Opningstider for publikum:

**Kl.08.30 - 15.00.**

**Telefontid: 08.30 - 12.00 og  
13.00 - 15.00.**

**INGEN RESEPTBESTILLING  
MÅNDAGAR!**

### Årås helsestasjonen

Åpningstider for publikum:

**kl 08.30- 15.00**

Helsesøster tlf. 56 16 82 11

**Jordmor:**

tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)

**Psykisk helse:** tlf. 56 16 82 13

## Nye telefon nr. i pleie og omsorg :

**Nordliheimen :** 56 16 20 40

**Nordliheimen/kjøkken:**  
56 16 20 49

**Vestlia:** 56 16 20 55

**Heimesjukepleien:** 56 16 21 23  
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)



Vår ekspertise bedrer din livskvalitet!

# Blåresept - vi har kompetansen!

## Har du pose på magen?

Vi fører alt utstyr til deg som er stomioperert, og som er godkjent på blå resept.

## Kontakt oss

**BANDABUTIKKEN AS**

Lindås Senter  
5955 LINDÅS

Tlf: 56 36 95 11

E-post: [post@bandabutikken.no](mailto:post@bandabutikken.no)  
Nettbutikk: [www.bandabutikken.no](http://www.bandabutikken.no)



## Våre kjennetegn

- Vi har alltid tid til deg.
- Vi er spesialister på vårt fagområde.
- Vi er faglig oppdaterte og vet hva som finnes av hjelpemidler til enhver tid.
- Vi foretar hjemmebesøk etter avtale.
- Vi bringer varene hjem til deg gratis, hvis du ønsker det.
- Hos oss får du produkter som passer deg best!

Følg oss på [facebook/bandabutikken](https://www.facebook.com/bandabutikken)

## SUN MASSASJE

THAI OG AROMA MASSASJE

JEG HOLDER TIL PÅ SOLESJØEN 25

400 KR. PR.TIME

TIMEBESTILLING TLF.47957233

NB. JEG HAR IKKE KORTTERMINAL

## Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking, rensing og oppatmaling.

Gunnar Nilsen 414 39 887



## Giving Hope To A Child (GHTAC)

**Giving Hope to a Child** har på ny full fokus på vår opprinnelege plan om å byggje og drive eit «community centre» med barneheim, skule, vaksenopplæring og helse-senter i Liberia. Vi må auke talet på fadderar, og vi er glade for all støtte vi kan få. Du kan støtte dette prosjektet på ulike vis.

- Teikna deg som fadder (Sjå heimesida)
- Teikna deg som gjevar gjennom Norsk Tipping si grasrotordning.
- Gje ei eingongsgåve, kto 3632 57 54065

For meir informasjon sjå heimesida vår:

[www.givinghope.no](http://www.givinghope.no) eller GHTAC på facebook.

*Rolf Maurseth*

*Stine B. Karlsen* Styreleiar *Jenfrid Stellberg*

Styremedlem

Styremedlem

*Ole Moen*

*Monika Thorpe*

Forretningsfører

Styremedlem.




Returadresse:  
Kyrkjebakken  
Austrheimsvegen 1262  
5943 Austrheim



# BARNAS SIDE

## Finn ti fuglenamn

Namnet på ti vanlege norske fuglar er gøymde inni rutenettet under. Namna står bortover og nedover. Finn du alle?



R	E	X	T	Y	R	P	V	Å	M
W	D	B	I	I	O	S	E	E	U
C	D	O	M	P	A	P	K	L	O
O	U	K	H	B	R	O	J	T	B
T	E	F	J	L	O	R	Ø	R	N
S	D	I	M	Å	V	V	T	A	I
B	P	N	Å	M	D	A	M	S	E
H	A	K	K	E	S	P	E	T	T
Y	E	L	E	I	T	H	I	O	F
I	A	R	B	S	N	Å	S	N	Æ

## Finn 5 feil

Teikning: Kari Sortland

Då Jesus var seks veker gamal, tok Maria og Josef han med opp til tempelet i Jerusalem for å bere han fram for Gud.

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Abonner på barnebladet



# BARNAS

16 blader + 1 CD

= berre 399,-

(privatabonnement heim i posten)

Gruppeabonnement berre 239,- per barn



Bibelteikneseriar og gøyale aktivitetar!

Perfekt som faddergåve!

Ting på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no) eller 22 08 71 00